

---

Saksnr: 2020/61449-5  
Saksbehandlar: Einar Kåre Ulla

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

---

**Budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022 slik det ligg føre.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i fylkestinget.
3. Fylkestinget gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

**Samandrag**

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i fylkeskommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjett til fylkestinget, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Einar Kåre Ulla  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Budsjettforslag for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» står det:

*«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»*

I pkt. 2 i reglement for kontrollutvalet, som er vedteke av fylkestinget 15.10.2019 står det mellom anna:

*Kontrollutvalet skal innan sitt saksområde arbeida med:*  
• *utarbeida forslag til budsjett for kontrollarbeidet i fylkeskommunen.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er fylkestinget som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

### Vurderingar og verknader

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2022. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekke. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstille direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtalen med ekstern revisor, Deloitte AS. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. For 2022 er det budsjettert med auke i tråd med SSB sine berekningar.

Vidare er det lagt til grunn 8 møte i kontrollutvalet i 2022, med om lag like stor saksmengde som inneverande år. Det er vidare lagt inn kostnader med kurs, og at medlemmane i kontrollutvalet kan delta på fagkonferansar samt servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til fylkeskommunen (Folkevalde i Vestland - Rettar og plikter).

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og tal møte.

Kontrollutvalet sine oppgåver:(Kommunelova)

#### § 23-2.Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

### § 23-3. Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

### § 23-4. Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføre prosjektarbeid ut frå dei planar som fylkestinget har vedteke. I 2020 vart det etter kommunelova utarbeida, og vedteke, nye planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggst inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 2500 timar for Vestland fylkeskommune.

**Tabell som presenterer hovudtala i budsjettet:**

#### Kontrollutvalet 101000

		Tal i heile 1000 kr
	Budsjett 2021	Budsjett 2022
SUM kontrollutval	Bto. driftsutg. 2281	2331
	Driftsinntekter	
	Nto. driftsutg. 2281	2331

#### Sekretariat for kontrollutvalet 101100

		Tal i heile 1000 kr
	Budsjett 2021	Budsjett 2022
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 6187
		5964

Driftsinntekter - 2259	-2200
Nto. driftsutg. 3928	3764

### Ekstern revisor 101200

		Tal i heile 1000 kr	
		Budsjett 2021	Budsjett 2022
400	Politisk styring og kontrollorgan	Bto. driftsutg. 4040	4165
		Driftsinntekter	
		Nto. driftsutg. 4040	4165

Detaljbudsjettet ligg ved som vedlegg.

### Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til ein av dei største budsjettpostane i budsjettet til kontrollutvalet (101000):

Konto 127001 Andre tenester: Desse midlane er ekstra tiltaksmidlar som det er tenkt at kontrollutvalet kan disponere dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet. Dette kan t.d. vera på bakgrunn av saker som vert omtala i media og som gjer at det må settast i verk ein forvaltningsrevisjon raskt. Det kan også vera andre ikkje planlagde aktivitetar som måtte dukke opp frå andre hald t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, øvrig eigarskapskontroll og øvrig utgreiing.

Dersom kontrollutvalet ikkje har desse ekstra tiltaksmidlane til disposisjon vil det kunne føre til at kontrollutvalet må be fylkestinget løyve meir pengar før ein kan sette i gang ein ekstra naudsynt kontrollaktivitet. Kontrollutvalet utfører som kjent sin kontroll av m.a. administrasjonen på vegne av fylkestinget. Det er difor berre fylkestinget som kan løyve meir pengar til kontrollutvalet. I verste fall kan det ta opp til fire månader før neste fylkestingssete.

Det er ei målsetting at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal gjennomføre folkevaldopplæring saman med dei fylkeskommunale kontrollutvala i Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar i valperioden 2019 - 2023, slik det og vart gjort i dei to føregåande valperiodane.

### Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til ein av dei største budsjettpostane i budsjettet til sekretariat for kontrollutvalet (101100):

165000 Anna avgiftspliktig sal: Sekretariat for kontrollutvalet har frå 01.01.2020 ei stillingsramme på 5 årsverk. Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har sekretariatet pr. i dag avtale med 15 kommunar, samt Bergen Kirkelige Fellesråd (BKF) om å vera sekretariat for deira kontrollutval. 8 av kontraktane har vi vunne i konkurranse med andre, derav fleire kontraktar som gjeld fleire år fram i tid, men nokre av kontraktane nærmar seg utløp. Nokre andre av kontraktane vert automatisk forlenga med eit år om gongen dersom ingen av partane seier opp avtalen innan ein avtalt dato, varierende frå 01.09.21 til 01.11.21. Her er det alt frå nokre månader oppseiingstid til eit års oppseiingstid, rekna frå årsskiftet. Vi tek høgde for at vi kan få oppseiingar av kontraktar, og reduserer budsjettet inntekt litt for å synleggjere denne risikoen.

Etter statsbudsjettet var lagt fram, vart det lagt inn eit beløp på kr. 357 000 på konto 110098 i budsjettet for 2021. Dette er løns- og prisomrekning, og samla sum vart lagt på denne kontoen. Beløpet er fordelt ut på dei forskjellige kontoane i budsjettet for 2022.

### Nedanfor har vi knytt nokre kommentarar til den største budsjettposten i budsjettet til ekstern revisor (101200):

137000 Kjøp frå andre (private): Kostnader til revisjon er lagt inn i budsjettet med bakgrunn i avtalen med Deloitte AS.

### Konklusjon

Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune legg på bakgrunn av dette fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Vestland fylkeskommune 2022 og tilrår at kontrollutvalet vedtek forslaga slik dei ligg føre. Dei endeleg forslaga vert å sende fylkesrådmannen for vidare behandling.